



Norges Vassdrag- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	26/10101 - 26/55775	Idunn Eide Sanden -	19.05.2026
	07.04.2026			

Høyringsvar - NVE - anleggskonsesjon og detaljplan for miljø og landskap

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til høyring av søknad om anleggskonsesjon og detaljplan for miljø og landskap for nye Tussa kraftverk i Volda kommune. Tiltaket omfattar etablering av ein ny kraftstasjon i fjell parallelt med eksisterande anlegg, med tilhøyrande vassveg frå Tyssevatnet, nye tunnel- og veganlegg samt tilknyting til kraftnettet gjennom høgspentanlegg og kabelløysingar. Prosjektet inneber både permanente og mellombelse inngrep i landskap og areal, og inkluderer òg rehabilitering av eksisterande damanlegg.

Fylkeskommunen legg til grunn at inngrep vert avgrensa til det som er naudsynt, og at fastsette inngrepsgrenser vert følgde opp i anleggsfasen. Det er særleg viktig at mellombelse tiltak på dyrka mark og i landskap ikkje gir varige skader, og at areala vert tilbakeførte i tråd med prinsippa i detaljplanen.

Samfunns- og næringsutvikling

Energi og kraftsystem

Effektbalansen i kraftsystemet i Midt-Norge er sterkt utfordra. Effektbalansen er eit uttrykk for kor mykje regulerbar kraftproduksjon som er tilgjengeleg for å kunne dekkje opp kraftforbruket til ei kvar tid. NVE har vurdert at svekkinga av effektbalansen vil gje ei meir utfordrande systemdrift av kraftnettet framover, og Statkraft forventar at desse utfordringane vil materialisere seg i form av stadige prisforskjellar både innanfor døgn, veker og mellom sesongar. I ein slik marknad vil evna til å regulere kraftproduksjonen ha stor samfunnsnytte.

Dagens Tussa kraftverk køyrer på jamn effekt frå hausten til våren. Dette fell ikkje godt saman med etterspurt produksjonsmønster. Med Nye Tussa kraftverk vil installert effekt auke frå 64 MW til 150 MW, i tillegg til ein liten auke i produksjonskapasitet på 8 GWh/år. Nye Tussa kraftverk vil med dette kunne bidra til å dekkje det aukande behovet for fleksibilitet og avhjelpe drifta av kraftsystemet.

Eit alternativ der ein skulle velje å oppruste den eksisterande kraftstasjonen i staden for å byggje ny, ville kunne føre til nedetid og redusert produksjon. For Møre og Romsdal, som har ein stor negativ kraftbalanse, vil tap av eksisterande kraftproduksjon vere særst ugunstig. Det er få initiativ til ny kraftproduksjon i fylket og vi importerer allereie om lag halvparten av den krafta som trengst.

Ei realisering av Nye Tussa kraftverk kan bidra til å nå følgjande regionale mål innan energiområdet:

- «Møre og Romsdal skal ha nødvendig tilgang på kraft og nettinfrastruktur, energieffektivisere og basere auka produksjon på fornybare energikjelder og produksjonsanlegg for kjernekraft.» (Fylkesplanmål V2)
- «I Møre og Romsdal skal vi ha ein velfungerande infrastruktur for distribusjon av elektrisitet og andre energiberarar»

Med helsing

Björn Gregull
fagleiar kommunal planlegging

Idunn Eide Sanden
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal
Volda kommune